

Bergen, 9. desember 2025

Høyringsuttale frå Næringsalliansen Vestland: Høyring av transportfagleg utgreiing for regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 2027

Næringsalliansen Vestland vil med dette gje våre innspel til den transportfaglege utgreiinga for regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 2027. FOT-rutene (*Forplikingar til offentlig tenesteyting*) spelar ei avgjerande rolle for næringsutvikling og busetting i distrikta.

Heilskapleg vurdering av FOT-rutene

Gjennom FOT-rutene må staten sikre eit føreseieleg og godt rutetilbod som er tilpassa både næringslivet og innbyggjarane sine behov. Flyrutene er ein føresetnad for at bedrifter skal kunne etablere seg og vekse i distrikta, og for at innbyggjarane skal kunne velje å bu og arbeide utanfor dei store byane.

Staten må vurdere FOT-ruter ut frå eit breitt grunnlag. Samfunnsøkonomisk lønsemd isolert sett gir ikkje eit fullstendig bilete av verdien desse rutene skaper. Det er naudsynt å ta med både næringsmessige og distriktpolitiske konsekvensar i vurderinga.

Beredskap og helsetenester

FOT-rutene og dei regionale flyplassane utgjør ein kritisk del av den nasjonale beredskapen og er avgjerande for effektive helsetenester. Ambulansefly og luftambulanse er heilt avhengige av denne infrastrukturen for å kunne gje forsvarleg helsehjelp til folk i distrikta.

Vidareføring og styrking av eksisterande tilbod

Dagens flyplasstruktur, frekvens og kapasitet på FOT-ruter må som eit absolutt minimum vidareførast. Ved vurdering av transportstandard må tettstader i heile nedslagsfeltet til flyplassane vere med, ikkje berre dei mest sentrale områda.

Næringsalliansen Vestland meiner at rutene Florø-Bergen og Førde-Bergen må inn igjen i FOT-systemet på permanent basis. Desse rutene er avgjerande for å oppretthalde gode koplingar mellom dei ulike delane av fylket.

For å styrke regulariteten på rutetilbodet i Vestland, bør fleire flyplassar få nattstasjonering av fly. Dette vil redusere forseinkingar og innstillingar og styrke flyplassane si rolle i lokalsamfunna.

Elektriske fly som framtidsløysing

Kortbanenettet i Vestland eignar seg godt som pilotarena for utvikling og drift av elektriske fly i tilbudsperioden 2027–2031. Det er likevel avgjerande at innføringa av elektriske fly ikkje går ut over regularitet eller kapasitet.

Avslutning

Næringsalliansen Vestland understrekar at FOT-rutene er avgjerande for verdiskaping, busetnad, beredskap og velferd i Vestland. Staten må leggje til grunn ei heilskapleg vurdering der samfunnsmessige verdiar blir vekta på lik linje med økonomisk lønsemd.

Vi syner også til uttalen frå Vestland fylkeskommune, handsama i fylkesutval 8. desember 2025.

Beste helsing



Espen Børhaug
Næringsalliansen Vestland

Kontaktinformasjon:
espen@bergen-chamber.no
918 45 600

Næringsalliansen Vestland blei stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 16 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket.

